

Strategi 2021-2022


Styregodkjendt 10.11.2021




Lokalt strategidokument

Dette strategidokumentet er meint å syne Nelfo Sogn og Fjordane sine konkrete svar på dei målsettingane som er gjeve i dei sentrale strategiane som er utarbeida gjennom tillitsmannsapparatet og prosessar i organisasjonen.

Mange av svara er ein del av vår aktivitet og målsetningane i strategien styrer denne aktiviteten.



Vi arbeider for gode rammebetingelser og lønnsomhet for medlemsbedriftene, og fremtidig vekst i elektrobransjen.





**Økt digitalisering og elektrifisering av nye
samfunnsområder, skaper nye markeder og nye
muligheter for Nelfos medlemsbedrifter.**

NELFOS VERDIER

Samfunnsnyttig

Seriøs

Tillit i markedet

Kompetent

NELFOS VISJON

Vi moderniserer Norge



Synlighet og evne til påvirkning

Målsetting

- Økt synlighet og påvirkning for å profilere både medlemmenes næringspolitiske interesser, samfunnsnytte og Nelfos betydning.
- Videreutvikle og tilrettelegge et bredt digitalt medlemstilbud.
- Økt medlemskontakt og kommunikasjonsaktivitet på digitale flater.
- Være en foretrukken kilde i spørsmål som omhandler våre medlemsbedrifters kjernevirksomhet.

Tiltak

- Kampanjer i sosiale medier for å øke medlemmenes og bransjens omdømme.
- Styrke nelfo.no.
- Forsterke og videreutvikle digitale plattformer.
- Utvikle et digitalt møterom.
- Tett og god kontakt med sentrale redaksjoner, journalister og fagmiljø.

Synlighet og evne til påvirkning

Nelfo Sogn og Fjordane må ha fokus på å vere synlege og godt kjende lokalt og regionalt som ein seriøs fag -og samfunnsaktør.

Våre medlemmer skal vere stolte av å vere medlem i Nelfo. For å nå ei slik målsetting må ein ha strategi og klare rammer for informasjon.

Nøkkelpunkt i strategien:

- Mediebruk lokalt
- Bevisst bruk av digitale og sosiale medium
- Delingskultur
- Representasjon
- Marknadsføring av medlemsfordeler



Gode rammebetingelser og økt elektrifisering

Målsetting

- Forsterke næringspolitikken som et verktøy for markedsutvikling og lønnsomhet hos Nelfos medlemsbedrifter.
- Netreguleringen skal fremme grønn omstilling.
- Bruke elektrisitet på stadig nye samfunnsområder.
- Styrke markedet for lokal energiproduksjon og lagring.

Tiltak

- Øke medlemmenes kompetanse og forståelse for gjeldende rammebetingelser.
- Redusere konfliktnivået i byggenæring, samt bekjempe arbeidskriminalitet.
- Sikre teknologi- og konkurransenøytrale energiforsyningskrav i bygg.
- Utvikle markedet for effektregulering og styring.
- Forsterke samarbeidet med viktige miljøorganisasjoner.
- Styrke arbeidet mot politiske myndigheter og viktige allianser.
- Sikre finansiering av fibernettutbygging, samt elektrifisering og digitalisering av samferdsel og landbruk.



Gode rammebetingelser og økt elektrifisering

Nelfo Sogn og Fjordane skal ta aktivt del i spørsmål som gjeld rammevilkår, lover og regler slik at bransjen og Nelfo S kan få best moglege utgangspunkt og gjennomslag for bransjen sine behov. Aktuelle arbeidsområder og tema kan være:

- Høyringsgruppe
- DLE
- Nettselskap
- Lærlingtilskudd
- Myndighetspålagde sertifiseringsordningar
- Medlemsinformasjon, dialog og kurs.
- Utarbeide plan for å bekjempe useriøse aktørar og svart arbeid i bransjen, fokus på eigne tilsette og ufaglært arbeidskraft. Ein slik plan bør inneholde desse elementa:
 - Meldingsrutiner for useriøse aktørar: tipstelefon, bekymringsmelding skattestyresmaktene
 - Mediecase med samarbeidspartar, elektro, rør, byggfag. (spleiselag)
 - Nytte tilskotsordninga i Nelfo kr 20,-/tilsett minimum kr 15.000
 - Oppfordre medlemsbedriftene til å gjennomfør Nelfos «etikurs»

Søke målretta inn mot alliansepartar både i marknad og politisk i saker der ein har felles inntresser. Slike partar kan vere: NHO, EL&IT, Arbeidstilsynet, Fylkeskommune, DLE, Kontrollsekskap, Nettselskap, Byggebransjen, Forsikringssekskap, Politiet og Skattestyresmaktene

For å aktivt å kunne påvirke prosessen rundt endring av rammevilkår som vedkjem bransjen har Nelfo Sogn og Fjordane etablert høyringsgruppe som kan ta stilling til høyringsutkast frå ulike organ.



Gode rammebetingelser og økt elektrifisering

Nelfo Sogn og Fjordane må aktivt synleggjere og marknadsføre elektrisiteten som den mest fornuftige energibærer til forbrukar. Vasskraft står sentralt i vårt fylke, men andre former for ny grøn teknologi er på full fart inn og vil kunne bli dominerande i vår marknad. Spesielt med tanke på energibruk og nettkostnader, er solcelleteknologi i aukande grad etterspurd. På næringsbygg med store takflater kan dette på sikt gje gode moglegheiter med tanke på energisparing -og produksjon.

Medlemsbedriftene bør difor prioritere å sikre seg auka kompetanse innan desse områda:

- Solcelleanlegg /hybridanlegg og regelverk.
- Prosjektkompetanse
- Enova-tilskot
- Innovasjon Norge
- Muligheter og utfordringar med tanke på nettilknytning og energiomsetning.
- El og samferdsle
- Batterianlegg
- Ladestasjonar
- Risikoanalyse



Gode rammebetingelser og økt elektrifisering

Nelfo Sogn og Fjordane må ha «Nullfeil» visjon.

Bruken av 5-sikre for E-kom og sterkstrøm er viktige hjelpemiddel for å oppnå dette. Vi meiner at Nelfo bedriftene må vere best i klassen på el-sikkerhet og gode anlegg for kunden. Nokre verkemiddel:

- Sikre gode haldningar til tryggleik og krav
- Sikre gode rutinar og opplæring
- Samarbeid med DLE, dialogmøter.
- Nelfo S.ogFj. ønsker fokus vekk frå rapportproduksjon og over på el-sikkerhet
- Sterkare dialog og oppfølging av medlemsbedriftene
- Medlemsmøter med fast «reminder» om el-sikkerhet
- Medlemsverving, fordi Nelfomedlemmer har fokus på sikkerhet.
- Vurdere konkrete saker som gjeld misleghald på el-sikkerhet hos medlemsbedriftene og kva konsekvensar dette skal få.

Nelfo Sogn og Fjordane må syte for å gje innspel til korleis digitalisering skal løysast i praksis. Dette inneber og at digitale løysingar må takast i bruk av verksemdene. Slik tilbakemelding har desse hovudelementa:

- Behov i bransjen
- Tilbakemelding frå brukar
- Styrke-Svakheit-Mogelegheiter ved digitale løysingar
- Delta på kurs og seminar
- Lokal informasjonsmail
- Deling på sosiale medium

Nelfo Sogn og Fjordane sine medlemmer nyttar i stor grad dei produkter og tenester som er utvikla i organisasjonen. Lokalforeininga må bevisstgjere sine medlemmer på kva verktøy som er til hjelp for kvar enkelt bedrift og medlemsfordelane dei har ved kjøp og bruk av desse. Nelfo S.og Fj. må kanalisere medlemmane sine behov til Nelfo S dersom ikkje lokalforeininga kan yte god nok service.

Arbeidsgiverservice og utdanning

Målsetting

- Lovverk og tariffavtaler som ivaretar bedriftenes behov for fleksibilitet og forutsigbarhet.
- Mest mulig bruk av standardiserte kontrakter i entrepriserforhold.
- Arbeide for et mer seriøst arbeidsliv der kompetanse og kvalitet lønner seg.
- Videreutvikle høyere faglig yrkesutdanning for medlemsbedriftene

Tiltak

- Skape økt forståelse for nødvendigheten av konkurransedyktige tariffbundne bedrifter. Seriøsitet og ryddighet i forbindelse med bruk av arbeidskraft.
- Arbeide for å redusere avvik fra standardiserte kontrakter.
- Synliggjøre fagarbeiderens rolle og verdi i samfunnet, samt tilrettelegge for mer mangfold i bransjen. Øke antall lærebedrifter og læreplasser.
- Tverrfaglig kompetanseutvikling i elektro-, automasjon-, fornybar- og kraftnæringen, blant annet gjennom bransjeprogrammet.
- Høyne bedriftenes kompetanse om konkurranseregler, offentlige innkjøp, kontrakts-rett og arbeidsrettslige problemstillinger.
- Arbeide for økt samhandling og effektiv rollefordeling i byggeprosessene.

Arbeidsgiverservice og utdanning

Nelfo Sogn og Fjordane vil ha auke fokus i sin aktivitet med mål om å:

- Auke kompetanse hos medlemsbedriftene i konkurransereglar, offentlige innkjøp og kontraktsrett.
- Synleggjere fordelane med tariffbundne bedrifter i ein konkurransesamheng.
- Sette fokus på reduksjon i avvik i standardiserte kontrakter.
- Tverrfagleg kompetanseutvikling i byggenæringa innanfor arbeidsrettslege problemstillingar.

I dette arbeidet vil regionen hente støtte frå Nelfo sentralt i møte og kursaktivitet for sine medlemmer.

Fagarbeidaren si rolle og verdi er eit av hovedargumenta i kampen mot useriøsitet i bransjen. Våre kundar er best tent med seriøse fagarbeidarar i seriøse verksemder. Dette vil regionsapparatet og våre medlemsbedrifter framheve i marknadsføringa av sin aktivitet mot kundane, oppdragsgjevarar og andre samarbeidspartar.

I arbeidet med rekruttering vil kvinner vere eit viktig bidrag til bedriftene for å skape gode arbeidsmiljø og synleggjere for andre kvinner at vår bransje er godt eigna for arbeidstakarar av begge kjønn på alle nivå i organisasjonen og i fleire fag.



Rekruttering og opplæring

Opplæringskontoret, **OFEL er Nelfo Sogn og Fjordane** sitt «verktøy» for å nå måla som er sette med tanke på rekruttering og opplæring. Opplæringskontoret skal vere eit førsteval for bedriftene som rekrutterer til elektrofag. I arbeidet med å halde på driftsgrunnlaget og rekruttering av lærlingar, må ein ha god kontakt med lærebedriftene. Dei medlemsbedriftene som ikkje har lærlingar skal kontoret ha rutine for å følgje opp regelmessig slik at dei er oppdaterte på tilbodet som Nelfo og opplæringskontoret har.

For å oppretthalde kontinuitet og servicenivå ved endringar i organisasjonen bør ein søke samarbeid med andre opplæringskontor. På fagrelaterte oppgåver bør ein regionalt søke samarbeid og gjere avtalar med opplæringskontor i Vestland og Møre og Romsdal.

På lokalt nivå kan det på sikt vere naturleg å dele felles resursar med dei andre opplæringskontora som ein er samlokaliserte med. Dette gjeld rutineprega oppgåver som er til felles med andre fag, for eksempel handtering av lærekontrakter. Det bør utarbeidast ein strategi saman med dei andre opplæringskontora for korleis samspelet skal vere.

OFEL må vere proaktive i dette arbeidet og styret skal involverast i prosessen. Kontakt med bransje og spørsmål som gjelder utdanningspolitikk og rammevilkår skal ikkje eksporterast til andre.

Rekruttering og opplæring 2

Ansvar for å gi lærlingane rett opplæring er delt mellom bedrifta og OFEL. Avtalene mellom OFEL og bedrifta må vektleggast ved kontraktskriving. Opplæringsavtaler mellom OFEL og bedrifta skal tilpassast fag som ikkje har restteori.

Oppfølging

For å forebygge «slurv» og dårlege rutinar seinare i læreløpet, bør lærlingane få ekstra oppfølging frå opplæringskontoret første halvår. Her er halvårsamtaler eit viktig møtepunkt for å gi tilbakemelding på rutinar.

Halvårsamtalene må gjennomførast i tråd med opplæringslova sine krav. Oppfølginga frå OFEL fokuserer på desse bedriftene i si oppfølging. Dersom ei bedrift ikkje gjennomfører halvårsamtale skal opplæringskontoret utføre halvårsamtale og ta betaling for dette. Lærebedriftene kan få ekstra oppfølging utover ramma definert i opplæringsavtala mot ekstra trekk i tilskot frå opplæringskontoret.

Læremiddel

Lærlingane blir tilbydde digitale læremiddel gjennom el-skolen. Papirbøker som tilval ved spesielle behov.

Instruktøropplæring

Opplæring av instruktørane er eit viktig element for å få god kvalitet i oppfølginga av lærlingane ute i bedrifta. OFEL må årleg arrangere instruktørkurs og samlingar som går både på det pedagogiske/didaktiske og bruk av verktøy som el-skolen og forholdet til læreplanar og opplæringslova.

Rekruttering og opplæring 3

Fagprøve

Det er eit mål å redusere talet kandidatar som stryk på fagprøva. Det er eit generelt inntrykk at desse lærlingane ikkje har tilstrekkeleg inntresse for faget og manglar grunnleggande elektrokompetanse som eksempelvis oppbygginga av nettsystem. Opplæringskontoret utarbeider liste på typiske feil for fagprøvekandidatar. Denne temalista må kandidatane kunne besvare og den må gå inn i ei prekvalifiseringsrutine før kandidaten blir meldt opp til fagprøva.

Fagprøvenemdene

- Nelfo bør ta initiativ til at fagprøvenemndene møtast årleg for å vurdere utviklinga i faget og oppdatere innhaldet i oppgåvene og vurderinga av fagprøvene.
- Nelfo/Ofel bør ha dialog med nemndene og dei som driftar fagprøvestasjonane om dei har god nok kontroll og rutinar på tilgjengeleg utstyr/matriell for kandidatane.

Inntak av lærlingar

Vårt fylke utdannar relativt mange elektrofagarbeidarar i høve til folketalet. Trykket frå ungdom som vil ta denne utdanninga er stor. Marknaden og tilgangen til faglært arbeidskraft vil avgjere kor mange lærlingar bedriftene vil kunne ta inn. Våre medlemsbedrifter vil vere dei beste på å ta inn lærlingar og gje dei god opplæring. I dag er det 23% lærlingar av arbeidstokken i våre medlemsbedrifter. Ein skal gjennomføre undersøking hos medlemsbedriftene for å kartlegge inntak slik at ein kan gje tydelege signal på dimmensjonering av utdanningstilbodet til fylkeskommunen.

Rekruttering og opplæring 4

Samarbeid med skulane

Auke trykket på samarbeidet med skulane og vg3.nettverket. Dette vil vi oppnå:

- Implementering av el-skolen i vgs/fagskulen (kursing)
- Marknadsføring av digitale lærebøker frå Elforlaget
- Stikke hol på «skulebobla»
- Hospitering av lærarar, her bør fylkeskommunen utfordrast på hospiteringsmidlar til bedrifta.
- Fast dialog for å få innflytelse på lokal læreplan, bedriftene lokalt forpliktar seg.
- Utnytte skulane meir som møte og læringsarena.
- Økonomisk støtte for gjennomføring av Vg3 nettverksprosjekt
- Prioritering av resursbruk mot rådgjevarar og elevar i ungdomskulen. I dette arbeidet må kvinner motiverast til å søke elektrofag.

Rekruttering og opplæring 5

Fylkeskommunen/UDIR

- Bruke dialogmøter og tilbakemelding frå fylkeskommunen som reiskap for å levere gode og betre teneste som opplæringskontor.
- Gje tydeleg og mest mogeleg rett signal på dimensjonering av tal læreplassar.
- Det må dimensjonerast stort nok elevtal på vg1 som tek høgde for avskaling og kryssløp til andre fag.
- Gje tydeleg tilbakemelding på høyringsuttaler om opplæring. Vidaregåande opplæring må spegle lokalt næringsliv.
- Vere aktive i forhold som vedkjem opplæring og bransjen i Vestland fylkeskommune. Her kan OKSU vere eit talerør i saker ein har felles.
- Yrkesretteiing med fokus på ungdomskule -og vg1 elevar.

Rekruttering av faglært arbeidskraft

Medlemmane i regionen har klar avgrensing for utvikling og vekst på grunn av mangel på faglært arbeidskraft.

- Nelfo Sogn og Fjordane vil fokusere i sin aktivitet på korleis ein skal greie å rekruttere og behalde faglært arbeidskraft.

Utvikling og vekst

Målsetting

- Nelfo skal være den foretrukne organisasjonen innen elektrorelatert virksomhet.
- Rekruttere nye medlemmer og styrke Nelfos medlemsarbeid.
- Videreutvikle arbeidet med Nelfos bransjer og interessegrupper.
- Utvikle Nelfo som organisasjon, både lokalt og sentralt, samt styrke samhandlingen med NHO.

Tiltak

- Skreddersy medlemstilbudet til de ulike medlemssegmentene.
- Utvikle relevante møteplasser som skal gi faglig og kommersielt utbytte.
- Målrettede vervekampanjer mot aktuelle målgrupper.
- Jobbe mot yngre aktører i bransjen – investere i fremtidige medlemmer.
- Styrke Nelfo-merket – synliggjøre kvalitet og seriøsitet.
- Gjøre det enklere å bli medlem av Nelfo.

Utvikling og vekst

Nelfo Sogn og fjordane har avgrensa potensiale for tal nye «tradisjonelle» medlemsbedrifter. I arbeidet med rekruttering bør ein ha auka fokus på å få inn bedrifter som har kompetanse innan nye marknadsområder. Lokalforeininga plukkar ut fem bedrifter som ein skal fokusere på å få inn som medlemmer i Nelfo.

For å styrke samhandlinga vil **Nelfo Sogn og fjordane** prioritere å delta på sentrale møter og arrangement og invitere representantar frå **Nelfo S** på regionale medlemsmøter eller andre lokale arrangement som kan vere av interesse for sentralledet.

Medlemsservice

Målsetting

- Bidra til økt lønnsomhet, kompetanseheving og forenkling av medlemmenes hverdag.
- Utvikle nye digitale løsninger for medlemmene.
- Utvikle og tilby konkurransedyktige medlemsfordeler.
- Nelfo skal være den foretrukne kursleverandør.

Tiltak

- Aktivt bruke regionsapparatet for å styrke medlemsservicen.
- Forsterke og videreutvikle digitale plattformer og løsninger.
- Videreutvikle lønnsomhetsundersøkelsen, markedsrapportene og Innblikk.
- Videreutvikle og synliggjøre medlemsfordelene.
- Sikre fortsatt høy tilfredshet blant eksisterende medlemmer.

Medlemservice

Nelfo Sogn og Fjordane medlemservice

- Synleggjere alle Nelfo sine medlemsfordelar
- Drive opplysningsarbeid på alle spørsmål som gjeld bransjen
- Gjennomføre kurs og kompetanseheving lokalt etter ønsker frå medlemmane.
- Vere ein hub for utveksling av arbeidskraft mellom bedriftene, unngå permittering.
- Syte for god dialog med aktuelle samarbeidspartar, NHO, DSB, DLE, Nettselskap, EI og IT

Lønsemd i bedriftene må alltid ha fokus. Auka grad av digitalisering vil hjelpe bedriftene på dette området og vi vil ha fokus på bruke tilgjengelege innovative løysingar for å auke lønsemd og effektivitet. Levere lokalt tilpassa rapportverktøy om marknad, lønnsutvikling og produktivitet.

For å få til eit tett samarbeid med NHO ønskjer ein å invitere dei til medlemsmøta som blir arrangerte.

Arrangere medlemsmøter med relevante tema for medlemmane.

- Årshjul
- Lønsemd og produktivitet
- Ny teknologi
- Elsikkerhet og brannrisiko.
- Verving
- Budsjett
- Elsikkerhet
- Lokalt strategiarbeid
- Kursplan
- Marknadsføring av medlemsfordeler

Lokal strategi
er lagt ut på
ofelsfj.no

Sentral strategi
finn du på
nelfo.no